



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

| | |
|----------------------|---|
| Organisasjonsnummer: | 971 125 853 |
| Organisasjonsform: | Stiftelse |
| Foretaksnavn: | STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR |
| Forretningsadresse: | Pressens hus Skippergata 24 0154 OSLO |

Regnskapsår

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2022 - 31.12.2022 |
|-------------------------|-------------------------|

Konsern

| | |
|-----------------------|-----|
| Morselskap i konsern: | Nei |
|-----------------------|-----|

Regnskapsregler

| | |
|--|------------------------------------|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|--|-----------------|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Jan Inge Fardal |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 21.02.2023 |

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 21.03.2024



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Anna driftsinntekt | | 500 000 | 500 000 |
| Driftsinntekter | 1 | 11 734 095 | 12 342 295 |
| Sum inntekter | | 12 234 095 | 12 842 295 |
| Kostnader | | | |
| Lønskostnad | 2 | 99 267 | 63 049 |
| Avskrivning | | 11 667 | 11 664 |
| Annan driftskostnad | | 11 327 850 | 11 151 701 |
| Sum kostnader | | 11 438 784 | 11 226 414 |
| Driftsresultat | | 795 311 | 1 615 881 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 1 151 | 191 |
| Sum finansinntekter | | 1 151 | 191 |
| Netto finans | | 1 151 | 191 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 796 462 | 1 616 072 |
| Ordinært resultat etter skattekostnad | | 796 462 | 1 616 072 |
| Årsresultat | 3 | 796 462 | 1 616 072 |
| Årsresultat etter minoritetsinteresser | | 796 462 | 1 616 072 |
| Totalresultat | | 796 462 | 1 616 072 |
| Overføringer og disponeringar | | | |
| Avsett til annan egenkapital | | 796 462 | 1 616 072 |
| Sum overføringer og disponeringar | | 796 462 | 1 616 072 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|------|------------------|------------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Varige driftsmiddel | | | |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande | | 5 836 | 17 503 |
| Sum varige driftsmiddel | | 5 836 | 17 503 |
| Sum anleggsmiddel | | 5 836 | 17 503 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Kundekrav | 4 | 166 960 | 59 501 |
| Andre kortsiktige krav | | 754 467 | 502 905 |
| Sum krav | | 921 427 | 562 406 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 3 025 370 | 3 402 275 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 3 025 370 | 3 402 275 |
| Sum omløpsmiddel | | 3 946 797 | 3 964 681 |
| SUM EIGEDELAR | | 3 952 633 | 3 982 184 |
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Grunnfondkapital | 3 | 200 000 | 200 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | 3 | 200 000 | 200 000 |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Annan eigenkapital | 3 | 3 698 545 | 2 902 083 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|----------------------------------|-------------|------------------|------------------|
| Sum opptent egenkapital | 3 | 3 698 545 | 2 902 083 |
| Sum egenkapital | 3 | 3 898 545 | 3 102 083 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 7 295 | 339 077 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 36 500 | 32 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 10 293 | 509 024 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 54 088 | 880 101 |
| Sum gjeld | | 54 088 | 880 101 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 3 952 633 | 3 982 184 |



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 327092

Enheten

Organisasjonsnummer: 971 125 853
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR
Forretningsadresse: Pressens hus
Skippergata 24
0154 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Jan Inge Fardal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 21.02.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 18.03.2023



Organisasjonsnr: 971 125 853
STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR

RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Anna driftsinntekt | | 500 000 | 500 000 |
| Driftsinntekter | 1 | 11 734 095 | 12 342 295 |
| Sum inntekter | | 12 234 095 | 12 842 295 |
| Kostnader | | | |
| Lønskostnad | 2 | 99 267 | 63 049 |
| Avskrivning | | 11 667 | 11 664 |
| Annan driftskostnad | | 11 327 850 | 11 151 701 |
| Sum kostnader | | 11 438 784 | 11 226 414 |
| Driftsresultat | | 795 311 | 1 615 881 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 1 151 | 191 |
| Sum finansinntekter | | 1 151 | 191 |
| Netto finans | | 1 151 | 191 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 796 462 | 1 616 072 |
| Ordinært resultat etter skattekostnad | | 796 462 | 1 616 072 |
| Årsresultat | 3 | 796 462 | 1 616 072 |
| Årsresultat etter minoritetsinteresser | | 796 462 | 1 616 072 |
| Totalresultat | | 796 462 | 1 616 072 |
| Overføringer og disponeringar | | | |
| Avsett til annan egenkapital | | 796 462 | 1 616 072 |
| Sum overføringer og disponeringar | | 796 462 | 1 616 072 |



Organisasjonsnr: 971 125 853
STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR

BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|--------------|------|------|------|
|--------------|------|------|------|

BALANSE - EIGEDELAR

Anleggsmiddel

Immaterielle egedelar

Varige driftsmiddel

Driftslausøyre, inventar,
verktøy, kontormaskinar
og liknande

5 836 17 503

Sum varige driftsmiddel

5 836 17 503

Sum anleggsmiddel

5 836 17 503

Omløpsmiddel

Varer

Krav

Kundekrav

4

166 960

59 501

Andre kortsiktige krav

754 467

502 905

Sum krav

921 427

562 406

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar og liknande

3 025 370

3 402 275

Sum bankinnskot,

3 025 370

3 402 275

kontantar og liknande

Sum omløpsmiddel

3 946 797

3 964 681

SUM EIGEDELAR

3 952 633

3 982 184

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Grunnfondkapital

3

200 000

200 000

Sum innskoten eigenkapital

3

200 000

200 000

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital

3

3 698 545

2 902 083

Sum opptent eigenkapital

3

3 698 545

2 902 083

Sum eigenkapital

3

3 898 545

3 102 083

Sum langsiktig gjeld

0

0

Kortsiktig gjeld



| | | |
|----------------------------------|------------------|------------------|
| Leverandørgjeld | 7 295 | 339 077 |
| Skyldige offentlige avgifter | 36 500 | 32 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | 10 293 | 509 024 |
| Sum kortsiktig gjeld | 54 088 | 880 101 |
| Sum gjeld | 54 088 | 880 101 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 3 952 633 | 3 982 184 |



Organisasjonsnr: 971 125 853
STIFTINGA NYNORSK PRESSEKONTOR

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
1

Tal på årsverk i rekneskapsåret
0.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



| Resultatrekneskap | | | |
|---|-------------|-------------------|-------------------|
| Stiftinga Nynorsk Pressekontor | | | |
| Driftsinntekter og driftskostnader | Note | 2022 | 2021 |
| Driftsinntekter | 1 | 11 734 095 | 12 342 295 |
| Anna driftsinntekt | | 500 000 | 500 000 |
| Sum driftsinntekter | | <u>12 234 095</u> | <u>12 842 295</u> |
| Lønskostnad | 2 | 99 267 | 63 049 |
| Avskrivning | | 11 667 | 11 664 |
| Annan driftskostnad | | 11 327 850 | 11 151 701 |
| Sum driftskostnader | | <u>11 438 784</u> | <u>11 226 414</u> |
| Driftsresultat | | <u>795 311</u> | <u>1 615 881</u> |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 1 151 | 191 |
| Resultat av finanspostar | | <u>1 151</u> | <u>191</u> |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 796 462 | 1 616 072 |
| Resultat | | <u>796 462</u> | <u>1 616 072</u> |
| Årsresultat | 3 | <u>796 462</u> | <u>1 616 072</u> |
| Overføring | | | |
| Avsett til annan egenkapital | | 796 462 | 1 616 072 |
| Sum overføringar | | <u>796 462</u> | <u>1 616 072</u> |



Balanse

Stiftinga Nynorsk Pressekontor

| Eigedelar | Note | 2022 | 2021 |
|---|-------------|------------------|------------------|
| Anleggsmiddel | | | |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande | | 5 836 | 17 503 |
| Sum varige driftsmiddel | | <u>5 836</u> | <u>17 503</u> |
| Sum anleggsmiddel | | <u>5 836</u> | <u>17 503</u> |
| Omløpsmiddel | | | |
| Kundekrav | | | |
| Kundekrav | 4 | 166 960 | 59 501 |
| Andre kortsiktige krav | | 754 467 | 502 905 |
| Sum krav | | <u>921 427</u> | <u>562 406</u> |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 3 025 370 | 3 402 275 |
| Sum omløpsmiddel | | <u>3 946 797</u> | <u>3 964 681</u> |
| Sum eigedelar | | <u>3 952 633</u> | <u>3 982 184</u> |

**Balanse**

Stiftinga Nynorsk Pressekontor

| Eigenkapital og gjeld | Note | 2022 | 2021 |
|-------------------------------|-------------|-------------------------|-------------------------|
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Grunnfondkapital | 3 | <u>200 000</u> | <u>200 000</u> |
| Sum innskoten eigenkapital | 3 | <u>200 000</u> | <u>200 000</u> |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Annan eigenkapital | 3 | <u>3 698 545</u> | <u>2 902 083</u> |
| Sum opptent eigenkapital | 3 | <u>3 698 545</u> | <u>2 902 083</u> |
| Sum eigenkapital | 3 | <u>3 898 545</u> | <u>3 102 083</u> |
| Gjeld | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 7 295 | 339 077 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 36 500 | 32 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | | <u>10 293</u> | <u>509 024</u> |
| Sum kortsiktig gjeld | | <u>54 088</u> | <u>880 101</u> |
| Sum gjeld | | <u>54 088</u> | <u>880 101</u> |
| Sum eigenkapital og gjeld | | <u>3 952 633</u> | <u>3 982 184</u> |

Oslo, 21.02.2023

Styret i Stiftinga Nynorsk Pressekontor

Tom Magnar Hetland
styreleiar

Hans-Olav Rise
styremedlem

Kai Roger Vatne
styremedlem

Anne Svanaug Straume
nestleiar

Terje Svindseth
styremedlem

Birgitta Hsiu Lan Lim Ersland
styremedlem

Jan Inge Fardal
dagleg leiar

Kari Hamre
vara



Notar 2022

Stiftinga Nynorsk Pressekontor

Grunnreglar for rekneskap

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og gode rekneskapsreglar for små føretak.

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjing av eigedelar og gjeld, i tillegg til usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med gode hovudreglar for rekneskap.

Inntektsføring skjer etter reglane for opptening som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir teke med etter reglane for samstilling, som vil seie at kostnader takast med i den same perioden som dei inntektene som høyrer til blir inntektsført.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter tidspunktet for innkjøp, i tillegg til poster som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmiddel blir vurdert til lågast av kostnaden for innkjøp og verkeleg verdi. Gjeld på kort sikt førast i balanse til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Krav mot kundar og andre vilkår førast opp til pålydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte krav.

Note 1 Driftsinntekter/ tilskot

Av inntektene gjeld kr 9 300 000,- tilskot frå staten.

Note 2 Personalkostnader

| Personalkostnader | 2022 | 2021 |
|---------------------|---------------|---------------|
| Styrehonorar | 87 000 | 64 000 |
| Arbeidsgjevaravgift | 12 267 | -951 |
| Sum | 99 267 | 63 049 |

Det er ingen tilsette i stiftinga. Dei er tilsett i Norsk Telegrambyrå (NTB).

Note 3 Eigenkapital

| | Grunnfond | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|----------------------|----------------|--------------------|------------------|
| Pr. 01.01.2022 | 200 000 | 2 902 083 | 3 102 083 |
| Årets resultat | | 796 462 | 796 462 |
| Pr 31.12.2022 | 200 000 | 3 698 545 | 3 898 545 |




Notar 2022

Stiftinga Nynorsk Pressekontor

Note 4 Kundekrav og andre krav

Kundekrava er oppførde til verkeleg verdi. Bokført tap kundar utgjer kr. 0.



Tel: +47 61 29 25 80
Mail: post@gr.no

www.gr.no

Gudbrandsdal Revisjon AS
Nedregata 5A
2640 Vinstra

Foretaksregisteret:
979 122 616 MVA

Til årsmøte i
Stiftinga Nynorsk Pressekontor

MELDING FRÅ REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Nynorsk Pressekontor sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr. 796 462. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Medlem av den Norske Revisorforening



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For utfyllande informasjon om revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, har vi ikkje fått kunnskap om noko tilhøve som peikar på at stiftinga si forvaltning ikkje er i samsvar med lova, stiftinga sitt føremål og vedtektane for øvrig.

Vinstra, den 21. februar 2023
Gudbrandsdal Revisjon AS


Tomas Smevik
Statsautorisert revisor

Medlem av den Norske Revisorforening



Sak 3/23 - Årsmelding og rekneskap NPK 2022

Forslag til vedtak: Årsmelding og rekneskap for 2022 blir godkjend.

(Rekneskapen for 2022 er lagt ved, vedlegg nr 2.)

Årsmelding for Stiftinga Nynorsk Pressekontor 2022

Føremål

Føremålet til Stiftinga Nynorsk Pressekontor er å styrkje nynorsken i pressa og spreie allsidig stoff til avisene på nynorsk. Stoffet skal produserast til massespreiing, men det er og ei oppgåve å lage stoff særskilt til einskildblad eller tiltak som arbeider med å fremje nynorsken i pressa og andre massemedia. Stiftinga kan også drive anna verksemd som står i naturleg samanheng med hovudføremålet.

Styret

Styret i Stiftinga Nynorsk Pressekontor har to representantar frå kvar av stiftarorganisasjonane, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Kringkastingsringen, pluss ein representant for dei tilsette i NPK-redaksjonen.

Styret har i 2022 vore samansett slik:

Frå Noregs Mållag: Tom Hetland (leiar) og Birgitta Lim Ersland
Vara: 1. Svein Olav Langåker 2. Astrid Sverresdotter Dypvik

Frå Noregs Ungdomslag: Kai Roger Vatne og Terje Svindseth
Vara: 1. Torbjørn Bergwitz Lauen 2. Beate Haugtrø

Frå Kringkastingsringen: Hans-Olav Rise og Anne Svanaug Straume (nestleiar)
Vara: 1. Mone Celin Skrede 2. Kjartan Helleve

Frå dei tilsette: Margunn Sundfjord **Vara:** Kari Hamre
Styret har hatt 4 styremøte. Det er behandla 35 saker.
Dagleg leiar har vore Jan Inge Fardal

Revisor

Gudbrandsdal Revisjon AS ved Tomas Smevik. Godtgjersla til revisor var 26.000 kroner.



Personalet

Stiftinga har ingen tilsette.

NTB har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i NPK-redaksjonen. Det er seks fast tilsette i redaksjonen. Sjukefråveret var også i 2022 mykje høgare enn normalt, 11,4 prosent mot 4,3 prosent i 2021. 100 prosent sjukmelding for ein tilsett heile året er forklaringa.

Likestilling

I 2022 har styret vore samansett av fire menn og tre kvinner. Blant dei fast tilsette i NPK-redaksjonen er fordelinga ved årsskiftet tre kvinner og tre menn.

Arbeidsmiljø

Heller ikkje 2022 vart eit heilt enkelt og normalt år for NPK. Sjukdom, høg bruk av vikarar og nye utskiftingar i redaksjonen har prega året, som starta med munnbind og mykje heimekontor, men som normaliserte seg meir og meir frå slutten av februar og utover våren. Sakte, men sikkert kom vi attende til normaliteten, eller i alle fall noko som likna på det som var normalt før pandemien.

Det er liten tvil om at det er større bruk av heimekontor no enn før pandemien, og sjølv om normalen er at vi skal vera i Pressens hus, er det opna for at alle kan velje heimekontor når det høver best, enten av praktiske eller helsemessige årsaker. Men hovudregelen er fleire dagar i Pressens hus enn heime kvar veke.

Utfordringane i året som gjekk var at vi, ikkje lenge etter at vi var attende for fullt i redaksjonslokala i Skippergata, fekk melding om at vår rimeleg nyttilsette reportasjeleiar Sveinung Engeland hadde fått tilbod om ny jobb som han hadde takka ja til. Han jobba ut juni. Interne Kari Hamre vart tilsett som ny reportasjeleiar frå september 2022, men vi fekk ikkje inn nokon fast tilsett i den ledige stillinga etter henne før 1. november. Dette, i tillegg til at vi hadde ei langtidssjukmelding og at ein fast reporter var leigd ut til robotprosjektet, gjorde at vi i 2-3 månader berre var tre fast tilsette av dei som var på jobb i redaksjonen til NPK.

Heldigvis har vi hatt god tilgang på mange både rutinerte og nye vikarar, som har teke utfordringane på strak arm. Takka vera desse kom vi oss rimeleg greitt gjennom siste halvdel av 2022, sjølv om produksjonen gjekk litt ned samanlikna med 2021.

I samband med arbeidet med ny strategiplan var 10 av oss samla til seminar på Ål siste helga i november. Med Morten Kjærsgaard frå Agera som kursleiar hadde vi to fine, lærerike og sosiale dagar i bygda, der ei vitjing hjå avisa Hallingdølen like over



gata var eitt av høgdepunkta. Her fekk vi gode og nyttige tilbakemeldingar som har hjelpt oss i det daglege arbeidet sidan, og som vil vere med i strategiarbeidet vidare.

Elles har vi delteke i fleire sosiale lag saman med dei andre i Pressens hus og i NTB. Først den store sommarfesten i Pressens hus i august, der NPK ved dagleg leiar var representert i festkomitéen. Vi var også med på NTBs julebord på Faxen bar i november og hadde den tradisjonelle julemiddagen saman med styret, i år på Amerikalinjen i nabolaget.

Grunna dei utfordringane vi har hatt med mange vikarar, har vi i NPK ikkje vore hundre prosent involvert i NTBs «temperaturmålar» av arbeidsmiljøet med namn Winningtemp. Vi hadde eit innføringsmøte med NR-leiar Kristin Aanesen i første del av desember og skal i løpet våren ta dette systemet skikkeleg i bruk. Det er, saman med den faste medarbeidarsamtalen, eit viktig verktøy for å måle korleis det står til med arbeidsmiljø og kompetanseutvikling i organisasjonen.

Produksjon

Kontoret produserte i 2022:

Grunntenesta: 9.969 saker (11.495 saker i 2021 og 9.705 saker i 2020). Dette gir eit snitt på knappe 30 saker per dag. I gjennomsnitt er det om lag 15 saker frå NTB-katalogen per dag. Resten er reine NPK-saker.

Av desse var lengre saker:

Aktuelt: 215 saker (187 i 2021 og 242 i 2020)

Feature: 67 saker (58 i 2021 og 57 i 2020)

Intervju: 71 saker (71 i 2021 og 62 i 2020)

Tema-saker: 432 saker (337 i 2021 og 382 i 2020)

Nyheiter: 9063 (7298 i 2021 og 3245 i 2020)

Notisar: 5422 (4429 i 2021 og 5717 i 2020)

Nyheitstenesta: 34.896 (40.808 i 2021 og 34.314 saker i 2020)

Dette gir eit snitt på vel 150 saker per dag, noko som er eit stort volum. I kjølvatnet av kundegranskinga hausten 2021 har vi i løpet av 2022 sett i gang ein prosess som på litt sikt skal syte for at vi også får innsikt i kor mange av sakene våre som blir brukte, av kven og ikkje minst - kor mange som les dei.



Kundar

Kontoret hadde ved årsskiftet 38 kundar (36 kundar i 2021) på nyheitsstenestene, 24 kundar (23 i 2021) på Kryssordtenesta og 4 (5 i 2021) på Tematenesta.

Kontraktar, samarbeid, medlemskap

Nynorsk Pressekontor har vore samlokalisert med NTB sidan 1. april i 2007. NTB har på oppdrag frå Stiftinga overteke både driftinga av byrået og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i NPK. Samarbeidet gir gode vilkår for utvikling av NPK.

Første samarbeidsavtale tok til i 2007 og varte til 2014. Etter ei grundig evaluering i styret blei vi samde om ein ny samarbeidsavtale med NTB våren 2013 for ein ny periode. Etter ein ny gjennomgang av samarbeidsavtalen i 2018 starta vi frå 1. januar 2019 opp vår tredje samarbeidsperiode, denne varer til 1. januar 2024. Vi starta like før jul i 2022 opp arbeidet med gjennomgang og eventuelt ytterlegare utviding av denne avtalen.

Nynorsk Pressekontor har adresse Skippergata 24.

Journalistane er omfatta av Hovudavtalen og Journalistavtalen.

Nynorskroboten

I 2018 starta vi arbeidet med å utvikle ein «nynorskrobot» - eit automatisk verktøy for omsetjing frå nynorsk til bokmål. Føremålet var å auke tilfanget av omsette nyheitsartiklar frå NTB på nynorsk, og å frigjere ressursar til større eigenproduksjon i NPK-redaksjonen. 2022 var det siste året med øyremerkte utviklingsmidlar frå departement og Nasjonalbibliotek til utvikling av dette prosjektet. Vi hadde såleis full trykk på utviklinga ut heile året. Mari Hauge vart tilsett som prosjektleiar i januar og byrja i heil stilling frå 1.april. Ho gjorde saman med Hallvard Østrem, Kevin Unhammer og Victoria Troland ein formidabel innsats i dei månedene ho var her, dvs ut november då ho fekk seg lærarjobb. Sidan vi ikkje hadde noko fast opplegg for henne i 2023 måtte vi sjå ho forlate gruppa.

Det er lagt ved eigen årsrapport for nynorskroboten, og det kan ikkje stikkast under stol at framtida for vedlikehaldet av Apertium, som er den opne kjeldekoda vi har utvikla med statstilskot, blir krevjande. Ut 2022 var det som sagt fullt trykk. I 2023 kan vi klara å halda vedlikehaldet i gang ut mai månad takka vere at heile statstilskotet for utvikling ikkje er brukt opp. Dette betyr at prosjektleiar Hallvard Østrem og Kevin Unhammer i første omgang tek ansvaret for vedlikehald av roboten ut mai 2023 - kva som skjer etter den tid er uvisst, men dagleg leiar ser det som viktig, kanskje heilt avgjerande for korleis kvaliteten på roboten blir i framtida, at



NPK får dei ressursane som trengst for å sikre at roboten er oppdatert også i framtida.

Ansvar

Stiftinga har ingen aktivitetar som kan tenkjast å ureine eller gjere skade på det ytre miljøet. Gjennom samarbeidet med NTB er Nynorsk Pressekontor omfatta av reglar for aktivt å hindre trakassering og utilbørleg åtfærd.

Utsiktene til selskapet


Hovudmålet for NPK er å syte for at det blir meir nynorsk i norske media, på papir og digitalt. NPK tilbyr nyheiter og reportasjar til rimelege prisar. Slik gjer NPK det lettare for norske media å vere på nynorsk, heilt eller delvis, og støttar opp under ei mangfaldig og variert presse. Samarbeidsavtalen med Norsk Telegrambyrå legg til rette for utvikling av NPK både på det redaksjonelle, tekniske og administrative planet. Stiftinga meiner at samarbeidet med NTB er strategisk rett, og at NPK gjennom dette er i betre stand til å løyse det oppdraget som er nedfelt i vedtektene. Det er styret i Stiftinga si oppgåve å kontinuerlig vurdere kva samarbeid som best bidreg til å nå føremålet til stiftinga. Denne gjeldande samarbeidsavtalen varer ut 2023, og arbeidet med å eventuelt forlengje avtalen er i gang. Etter to pandemiår, der gjeldande handlingsplan vart liggjande på vent, er arbeidet med ny strategiplan frå 2023 godt i gang. Strategisamlinga på Ål i november 2022 la eit godt grunnlag for korleis vi meiner NPK skal utvikle seg vidare. (Sjå eiga sak)


Økonomi og resultat


Årsrekneskapen er gjort opp med eit driftsresultat på 796.462 kroner. Ordinært resultat etter avskrivningar, finansinntekter og kostnader er 795.311. Eigenkapitalen ved inngangen til 2023 var på 3.898.545 kroner.

Styret konstaterer at det er grunnlag for vidare drift av stiftinga. Styret meiner at rekneskapen gir eit rett bilete av verksemda.


Oslo 21. februar 2023


Tom M. Hetland (NM, leiar)


Hans-Olav Rise (KR, styremedlem)



Kai Roger Vatne (NU, styremedlem)



Kari Hamre, varamedlem (dei tilsette)


Jan Inge Fardal

Dagleg leiar

Anne Straume (KR, nestleiar)


Birgitte Lim Ersland (NM, styremedlem)


Terje Svindseth (NU, styremedlem)